



Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Møtested: Billingen

Dato: 23.09.2022

Tidspunkt: 10:00 - 15:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Magnhild Vik	Medlem	
Torbjørn Rødstøl	Medlem	
Inger Line Flydal	Medlem	
Per Magnus Berdal	Leder	

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Edel Kveen	Medlem	
Live Langøygard	Medlem	
Hans Kristian Enge	Medlem	
Mariann Skotte	Medlem	
Bjarne Eiolf Holø	Nestleder	

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Harald Sve Bjørndal	Live Langøygard	
Morten Kielland	Edel Kveen	
Per Inge Skotte	Mariann Skotte	

Merknader:

Varamedlem for Hans Kristian Enge og Bjarne Eiolf Holø, meldte forfall til møtet. Magnhild Vik hadde ikkje høve til å delta på Billingen, og deltok via Teams under behandling av styresaker. Etter styremøte vart det ei orientering om innfallsporten ute, og ein tur langs Diktarstigen, før heimreise.

Øvrige frammøtte:

Navn	
Kristine Sørli	Nasjonalparkforvaltar
Mari Melbø Rødstøl	Nasjonalparkforvaltar
Per Olav Haugen	SNO

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Per Magnus Berdal
Sign.

Morten Kielland
Sign.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 32/2022	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 33/2022	Referatsaker		
	Varsel om mogleg pålegg om retting av ulovleg oppsatt garnkasse/proviantkasse ved Fellingsvatnet	X	2020/3413
	Vedtak i klagesak - Reinheimen NP - bruk av helikopter - naturtypekartlegging - Heliwing helikopter AS		2022/3780
	Foreløpig melding - klage - Trollstigen LVO - oppføring av posterings- og jaktbu til bruk under skadefelling av jerv - Steindalen - Valldal og Fjørå Beitelag		2020/8174
	Varsel om mogleg pålegg om retting, av brot på vilkår til dispensasjon - tilbygg til nytt seterhus på Gubhage seter - gnr. 159/1/50 i Finndalen Ivo		2019/10385
ST 34/2022	Delegerte saker		
DS 31/2022	Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - Trollstigen LVO - motorferdsel - 2022 - helikopter - drift av mobilmast - Skarfjellenden - Telia Norge AS		2022/6091
DS 32/2022	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - 2022 - organisert ferdsel - guidede turer etter Dølafe - Dovre og Lesja Aktiv		2021/6191
DS 33/2022	Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - 2027 - motorbåt - fiske i Tordsvatnet - Tor Erik Myhren		2022/7271
DS 34/2022	Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - motorbåt - fiske i Leirungsvatnet og Torsvatnet - 2022-2027 - Kristen Haugen Dagsgard		2022/6659
DS 35/2022	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022 - 2026 - motorbåt - Torsvatnet - Terje Gjerdet		2021/10519
DS 36/2022	Delegert sak - Dispensasjon - Finndalen LVO - Brettingsmoen NR - motorferdsel - 2022 - 2023 - bruk av ATV - uttransport av felt elg og hjort - Jaktlaget Nicolaisen og Moen v/Øystein Nicolaisen		2022/5521
DS 37/2022	Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - 2022 - drone - forebyggende og konfliktdempende tiltak i beitenæringa - Skjåk beite- og sankelag		2021/6236
DS 38/2022	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022-2026 - fiske på Torsvatnet og Leirungsvatnet - Ivar Kummen		2022/7914

DS 39/2022	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorbåt . Leirungsvatnet - Tor Arne Rønningen	2022/6319
DS 40/2022	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022-2026 - fiske på Torsvatnet - Marius Aaboen	2022/8046
DS 41/2022	Delegert sak - Trollstigen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - helikopter - Omnossæter - Nøre Kyrfonndalsvatnet - Omenås sagbruk - Øyvind Hoel	2022/7802
DS 42/2022	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022 - 2025 - barmark - motorbåt - prøvefiske på Leirungsvatnet og Torsvatnet - Skjåk almenning v/ Birgit Bilstad	2022/6092
ST 35/2022	Finndalen LVO - dispensasjon - 2022 - tilbygg på seterfjøs - Sterringen - Arild og Mona Fallinggen	2022/7731
ST 36/2022	Reinheimen NP - Lordalen LVO - dispensasjon - byggetiltak på Bjøknesetra i Lordalen - altan og plutting - gbnr 157/1/53 - Inger Marie Nyløkken - Jan Petter Hageny	2022/5323
ST 37/2022	Høring av utkast til skjøtselsplan for Lordalen landskapsvernområde	2019/15333
ST 38/2022	Romsdalen lvo - dispensasjon - renovering av hytte i Nymarka - 2022 - Arve Horgheim	2022/6951
ST 39/2022	Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - siktutbedring ved planovergang Almegjerde - 2022 - Raumabanen - Bane NOR	2022/8247
ST 40/2022	Orienteringar	

ST 32/2022 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 23.09.2022

Vedtak

Ingen merknader til innkalling og sakliste.
Morten Kielland vart vald til å skrive under protokollen saman med styreleiar.

ST 33/2022 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 23.09.2022

Vedtak

Referatsaker vart teke til orientering.

ST 34/2022 Delegerte saker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 23.09.2022

Vedtak

Delegerte saker vart teke til orientering.

ST 35/2022 Finndalen LVO - dispensasjon - 2022 - tilbygg på seterfjøs - Sterringen - Arild og Mona Fallingen

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 23.09.2022

Behandling

Harald Sve Bjørndalen merka ein skrivefeil under vilkår pkt.7. i innstillinga, der det skal stå 32 solcellepanel, i staden for 22.

I møte ble det lagt fram følgjande forslag til endring i vilkåra, pkt.6 og 7:

pkt.6: *Det skal settast inn 6 vindauge og 3 nye døroppningar på tilbygget, som på vedlagt skisse.*

pkt.7: *På sørsida av taket på tilbygget kan det leggest 20 nye solcellepanel, slik at det totalt blir inntil 32 solcellepanel på sørsida av taket.*

Innstillinga frå forvaltar med endringsforslag i vilkår pkt.6 og 7, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Med heimel i Finndalen landskapsvernområde §3, pkt. 1.3, c) får Arild og Mona Fallingen dispensasjon til å byggje på eksisterande seterfjøs på Sterringen seter, gnr. 159/1, f.nr.84.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Seterfjøsset skal utvidast mot aust, i same breidde, og med lik mønehøgde og takvinkel som på eksisterande seterfjøs.
- Tilbygget skal ha eit areal på 12 m x 6 m, målt utvendig.
- Tilbygget skal fundamenterast med støypt ringmur.
- Seterfjøsset skal, med nytt tilbygg, ha eit totalareal på inntil 144 m², målt utvendig.
- Tilbygget skal ha same fasade som eksisterande fjøs med ståande utvendig bordkledning, som påførast mørk brunfarge som på eksisterande seterfjøs.
- Det skal settast inn 6 vindauge og 3 nye døroppningar på tilbygget, som på vedlagt skisse.
- På sørsida av taket på tilbygget kan det leggest 20 nye solcellepanel, slik at det totalt blir inntil 32 solcellepanel på sørsida av taket.
- Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til **01.10.2025**.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde. SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med kommunen i høve til plan- og bygningslova.

ST 36/2022 Reinheimen NP - Lordalen LVO - dispensasjon - byggetiltak på Bjøknesetra i Lordalen - altan og platting - gbnr 157/1/53 - Inger Marie Nyløkken - Jan Petter Hagen

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 23.09.2022

Behandling

I møtet kom det forslag om å ta bort pkt.8 under vilkåra.

Innstillinga frå forvaltar med endringsforslaget om å stryke pkt.8 i vilkår, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Med heimel i verneforskrift for Lordalen lvo § 3, pkt. 1.2. b) og 1.3. c), får Inger Marie Nyløkken og Jan Petter Hagen dispensasjon til å bygge trapp ned frå betongfundament til bakkeplan, og bygge platting langs sørveggen inntil sitt seterhus på Bjøknesetra, gnr. 157/1, f.nr. 53.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

1. Det skal byggast trapp frå betongfundament ned til bakkenivå på austveggen.
2. Trappa skal ha same breidde som betongfundamentet, målt til 1,40 m.
3. Rekkverk på trappa skal ha maksimal høgde på 1 m over trinn/bakkenivå, og skal være i tre.
4. Det skal ikkje byggast treplatting frå trappa til søraustre hushjørnet.
5. Ny treplattingen skal starte frå søraustre hushjørne og oppførast langs sørveggen, med ei breidde på 2 meter. Plattingen skal avsluttast ved den bordkledde delen av huset, eller maksimalt til det midterste vindauget på huset slik at det totale arealet blir inntil 10 m².
6. Plattingen langs sørveggen skal være lågare enn 0,5 meter over terrenget.
7. Det skal ikkje settast opp rekkverk på treplattingen på bakkenivå.

Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til 01.10.24.

Det blir gjort merksam på at SNO vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

ST 37/2022 Høyring av utkast til skjøtselsplan for Lordalen landskapsvernområde

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 23.09.2022

Behandling

Morten Kielland foreslo at det blir lagt vekt på innspelet frå Skjåk Allmenning, som viser til villreinomsyn i Lordalen lvo.

Innstillinga med tillegget frå Morten Kielland, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Reinheimen godkjenner forslag til Skjøtselsplan for heilskapleg kulturlandskap i Lordalen landskapsvernområde, med dei endringar som går fram av kommentarar til høyringsuttalane, oppsummert under vurderingar i saksutgreiinga.

Nasjonalparkforvaltaren skal ferdigstille framlegget til skjøtselsplan med endringar og rettingar etter høyringa, og vektlegge omsyn til villrein i Lordalen.

ST 38/2022 Romsdalen Ivo - dispensasjon - renovering av hytte i Nymarka - 2022 - Arve Horgheim

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 23.09.2022

Behandling

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Med heimel i verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde § 3, pkt 1.3, bokstav l, får Arve Horgheim dispensasjon til å rive eksisterande bygning og sette opp ein ny bygning ved Nymarka til gardsturisme.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Bygninga skal plasserast på same tomt som det eksisterande byggverket.
- Det nye bygget skal ha eit utvendig mål på 3.9m x 4,25m. Høgda skal være 3m i front.
- Takutspringet skal forlengast for å dempe virkninga av vindusflater i front. Takutspringet skal gå 0,8m ut frå veggen.
- Plattinga skal ikkje gå lenger enn 1,5m ut frå bygninga. Totalt areal på plattinga skal ikkje overstige 10m².
- Rivningsmaterialet frå den gamle bygninga skal fjernast frå verneområdet og takast hand om på godkjent mottak.
- Kledninga skal være av naturmateriale og beisast i enten ei mørk brun farge, grå farge eller grånes naturleg. Vinduskarmer og dører skal være i same farge som kledninga.

Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til 20.10.2022.

Dispensasjonen gjeld i høve verneforskrift for Romsdalen Ivo. SNO- Reinheimen vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

ST 39/2022 Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - siktutbedring ved planovergang Almegjerde - 2022 - Raumabanen - Bane NOR

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 23.09.2022

Behandling


Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Med heimel i forskrift for Romsdalen landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 bokstav m, får Bane NOR dispensasjon til å fjerne masse for å utføre siktutbetrande tiltak ved planovergangen ved Almegjerdet.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Det skal kun takast ut masse i stipla område vist til i søknaden og bilete under. Området det kan takast ut masse, går frå planovergangen og ikkje lenger enn 80 meter på østsida av banen og ikkje lenger enn 60 meter på vestsida av banen i retning Åndalsnes.



- Det skal ikkje takast ut meir masse enn det som er nødvendig i henhold til gjeldande krav for sikt ved planovergangar.
- Massen skal takast hand om og plasserast på godkjent areal utanfor verneområde.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Romsdalen lvo. SNO–Reinheimen vil kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

ST 40/2022 Orienteringar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 23.09.2022

Behandling

Forvaltarane orienterte om følgjande:

Status for tiltak i Reinheimen 2022

Synfaringar, juli - sept. 2022

Økonomistatus - Tiltak, Brukarundersøking, Styrebudsjett 2022

Kommunikasjonsarbeid Reinheimen – behov for å styrke forvaltning av verneområde med informasjonsmedarbeidar, jf. Handlingsplan for stryket forvaltning av verneområde 2019 , samarbeid med Norsk fjellsenter (jf. signert Intensjonsavtale (2019), og besøksstrategi (2019): Styret støtter at det blir arbeidd vidare med å få auka av ressurser til verneområdet. Det vil vera mest tenleg for Reinheimen med felles informasjonsstilling saman med t.d. Jotunheimen og Breheimen. Initiativ til å styrke forvaltninga med stillingsressurs til kommunikasjonsarbeid, og ressursar til drift, er aktuelt på ta opp med andre styreleiarar for å jobbe med saka politisk.

Neste styremøte 8.nov og møte med rådgivande utval: 7.nov. 2022. Styret ber om at forvalterne planlegger møte med rådgjevande utval 7.nov i Lom, der hovudtema blir villrein og revidering av forvaltningsplan.

Siste styremøte 9.des. 2022, skal etter plan gjennomførast på Teams.

Vedtak

Kommunikasjonsarbeid - styrking av forvaltninga med informasjonsstilling:

Styret støtter at det blir arbeidd vidare med å få auka av ressurser til verneområdet. Det vil vera mest tenleg for Reinheimen med felles informasjonsstilling saman med t.d. Jotunheimen og Breheimen. Initiativ til å styrke forvaltninga med stillingsressurs til kommunikasjonsarbeid, og ressursar til drift, er aktuelt på ta opp med andre styreleiarar for å jobbe med saka politisk.

Møteplan:

7.- 8.nov - styremøte og møte med rådgjevanle utval:

Norsk fjellsenter i Lom, med tilbod om middag og overnatting.

Rådgjevande utval 7.nov., med tema om villrein og orientering om revidering av forvaltningsplan.

Styremøte 8.nov.

Fredag 9.desember - siste styremøte 2022, på Teams